



Turgruppa på Solfjell onsdag kveld. Hauglandsfjellet, Ulvanoso og litt av Gråfjell i bakgrunnen.

Kvardagsturen til Kvinnherad Turlag i denne veka gjekk til Solfjell. Målet med turen var å sjå og skaffa seg kunnskap om eit av dei mange fjella rundt Uskedalen som er teken med i vurderinga for vindkraftutbygging. Solveig og Veslemøy Haugland var turleiarar. Sju deltakarar var med til toppen på Solfjell onsdag kveld.

Kvardagsturen vart skipa til av DNT fjellsport og DNT Ung, Kvinnherad. Veslemøy Haugland er godt nøgd med fram møte og gjennomføringa. Dette er trass alt turar som går på kveldstid på ein vanleg arbeidsdag. På turen mot toppen vart det snakka mykje om konsekvensar det vil få for natur- og friluftslivet om det vert vindmøller i dette område. Ja, det er faktisk vanskeleg å sjå for seg dei store øydeleggjingane i landskapet.

Nasjonal rammeplan for vindkraft på land har peika ut fire større fjellområde i Kvinnherad som er aktuelle for utbygging. Fjella i Uskedalen, Husnes og Utåker er eit av desse. Dei konkrete fjella ein snakkar om er mellom anna Solfjell, Mannsvatn, Mjelkhaug, Manen, Nordfjell, Ulvanoso, Svaneheia, Bremstølen og Englafjell.



Dersom det kjem vindmøller på Solfjell, vil dei vera godt synlege frå Rosendal og frå Folgefonna Nasjonalpark. Det er høringsfrist fram til 1. oktober for å koma med uttale og merknader til planen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Veslemøy Haugland